

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 24.05.2017
SAKSHANDSAMAR: Agnes Landstad
SAKA GJELD: **Oppnemning av utval for tilsetting av administrerende direktør i Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2017/2032
STYRESAK: **037/2017**

STYREMØTE: **26.05.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde ber administrasjonen setja i gang arbeidet med å gjera avtale med leverandør av ekstern rekrutteringshjelp i samarbeid med Helse Vest RHF. Styreleiar deltek i prosessen og gjer avtale på vegner av føretaket. Tilsettingsutvalet vil bli halde orientert.
2. Styret i Helse Førde HF oppnemner eit tilsetjingsutval samansett av: Styreleiar Agnes Landstad, nestleiar Atle Hamar, styremedlem Helge Bryne frå eigar Helse Vest RHF og styremedlem(er) xxxxxxxxx, vald av og blant dei tilsette.
3. Styreleiar samlar tilsettingsutvalet til å gå gjennom forslag til vidare plan for rekrutteringsprosessen.
4. Det er tilsettingsutvalet som vil gi endeleg innstilling til styret i Helse Førde.

Fakta

Jon Bolstad har sagt opp stillinga som administrerende direktør i Helse Førde.

Styret har etter Lov om helseføretak § 38 ansvar for å tilsetja ny administrerende direktør. Til å førebu og gjennomføra tilsetjingsprosessen er det vanleg å ha eit tilsetjingsutval med medlemmer frå styret. Styreleiaren, nestleiareren og ein av dei eigaroppnemnde med erfaring frå RHF-et bør vera med i utvalet, i tillegg representant(ar) av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette.

I denne prosessen vil det vera naudsynt å knyta til seg ekstern kompetanse for å hjelpa til å klårleggja kompetansekrav, gjennomføra utlysing, halda kontakt med kandidatar og medverka når dei skal vurderast. Eit slikt oppdrag må tildelast etter ein prosess som fylgjer dei lover og reglar som regulerer tenestekjøpa til offentlege verksemdar.

Det er etablert regionale rammeavtalar for bistand til rekruttering av AD. Helse Vest RHF vil bidra til at dei formelle rutinane for val av samarbeidspartnar blir gjennomført.

Det blir gjort framlegg om at styreleiar Agnes Landstad blir leiar av utval for tilsetting av administrerende direktør, og at utvalet i tillegg består av :

Atle Hamar, nestleiar

Helge Bryne, styremedlem frå eigar Helse Vest RHF

Xxxxxx, styremedlem vald av og blant dei tilsette